

Referat frå styremøte i Valldal IL torsdag 21. januar 2016

Desse møtte: Richard Moen, Trond Håvoll, Kjersti Magnussen, Einar Hoel, Jan Ole Fuglem, Anders Rem, Magne Eivind Glomnes, Liv Marit Indreeide

Sak 1/16 Informasjon frå gruppene og styret

Skigruppa: Mykje aktivitet heile hausten/vinteren. Første renn i VIL-cupen avvikla, 67 deltagarar, Nestestølvegen. Til tross for dårlige forhold, har likevel greidd å halde aktiviteten oppe. Positivt med trenarkurs, samkjørt. 5 løparar til Trondheim, skiskyting, Bendit cup. Totalt 300 deltagarar.

Fotball: Vanskelig å få inn påmeldingane, dette gjer det vanskelig å setje saman lag og finne trenarar. Antal lag same som i fjar, men mindre spelarar. Utfordringa blir kva ein gjer med dei 16 årsgangane som har meldt seg på – pr. i dag ikkje så mange. Har tenkt ulike løysingar, men ikkje kome fram til noko.

Trimgruppa: Nyttårsmarsj – 54 som gjekk.

Kunstgrasbana: Bana har fått ein skade. Dekket løfta seg i neste, fremste hjørne, mykje vind i romjula. Forsikringssak (naturskade), må takserast. Torkjell i kontakt med leverandør.

Styret: Kome inn ca kr 18.000 – gav i samband med Jostein Gjerde sin bortgang. Pengane skal plasserast på eigen konto. Pengane bør ikkje gå inn i det store sluket, men brukast på noko konkret.

Sak 2/16 Marknad 2016

Vi planlegg marknad 2. april. LM bestiller kantine, musikkrom og kjøkken på Valldal skule.

Sak 3/16 Reglar for utleige og bruk av klubbhuset

Talet på førespurnadar om leige har auka. Kvar skal grensa gå – kva leiger vi ut til? Vart einige om at ansvarleg leidgetakar bør vere minst 25 år (den som skriv under på leigekontrakta). Kontrakta på heimesida bør korrigerast.

Sak 3/16 Årsmøter

Trimgruppa: måndag 15. februar

Fotballgruppa: tysdag 16. februar

Skigruppa: onsdag 17. februar

Friidrettsgruppa: torsdag 18. februar

Valldal IL

onsdag 2. mars

Alle møter blir på klubbhuset kl. 19.00

Litt lite praktis for skigruppa med årsmøte no, men praktiserer at det gamle styret set ut sesongen. Regnskapet skal følgje kalenderåret.

Revidere vedtekten våre. Må ha eit styremøte før årsmøtet – saker til årsmøtet. Saker skal leggast ut 1 veke før. Medlemskontingent. Idavollen.

Sak 5/16 Diverse

Info frå Idrettsforbundet og Idrettskretsen:

Medlemsregistrering: Elektronisk medlemsregister innan 31.12.16 (pålagt) Ta kontakt med Geir Moen i Idrettskretsen, han kan om KlubbAdmin. Same medlemskap som no, men må inn elektronisk. Info må ut. Opprette profil i Min Idrett. Må knytte deg opp til éin idrett i laget. Sjekke om der er andre system som egnar seg betre.

Norddal folkeakademi, medlemskap: Norddal musikkråd som administrerer. Fått tilbod om å vere medlem, kr 200 pr år. Melder oss inn.

Andre ting: Kan etter kvart vere behov for betalingsterminal (VISA-løysing) i samband med kiosk/påmelding ++. Eit alternativ er izettle + mobil. Må undersøke litt om kva alternativ som finst.

Møtet slutt ca kl. 22.00

Liv Marit Indreeide

-referent